

Den kulturelle skulesekken i

Ål kommune

Handlingsplan 2015 -2020



Fredlaus, Nedre-Ål skule 2015. Foto: Vegard Breie

Innleiing

Kultur er heilt nødvendig for eit samfunn som legg vekt på demokrati, fellesskap, ytringsfridom og utvikling. Vi treng kultur som utfordrar, sameinar og får oss til å strekkje oss – som individ og i fellesskap. Samtidig har kulturen ein udiskutabel eigenverdi.

(Kulturløftet 2013)

1.1 Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skulesekken er ei statleg satsing på kunst og kultur i grunnskule. Føremålet med skulen er læring og meistring. Opplæringa skal ruste barn og unge til arbeids- og samfunnsliv, og gje kunnskap til å meistre skiftande omgjevnader og ei ukjent framtid. Skulen skal bygge på eit bredt kunnskapssyn, der kreativitet og skapande evner står sentralt.

1.2 Grunngeving, organisering og forankring

Til grunn for Den Kulturelle Skulesekken ligg Stortingsmelding nr. 30 (2003-2004) og Kunnskapsløftet. I tillegg har Buskerud Fylkeskommune ein eigen strategiplan for Den Kulturelle Skulesekken. Ål kommune vedtek kvart femte år ein lokal DKS- plan, som inneheld dei overordna måla kring Den Kulturelle Skulesekken i Ål.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom oppvekstsektoren og kulturkontoret i Ål kommune. Ål kommune har sett ned ei styringsgruppe som har det overordna ansvaret for DKS. Kvar skule har ein kulturkontakt som skal vere pådrivarar for å utvikle den kulturpedagogiske plattformen på skulen. Den kulturelle skulesekken utviklar seg kontinuerleg i samarbeid med representantar frå skulane og frå kunst- og kulturlivet.

1.3 Satsing og mål

Dei overordna måla med Den kulturelle skulesekken:

- Å medverke til at elevar får eit profesjonelt kulturtilbod.
- Å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnarlege og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.
- Å formidle kunst og kultur på ein måte som gir elevane verdifulle opplevingar og set elevane i stand til å møte kulturelle utfordringar i dag og i framtida på ein reflektert og konstruktiv måte.

Den kulturelle skulesekken skal vere forankra i den generelle delen av læreplanen for grunnskulen og byggje opp under dei pedagogiske måla i skulen (St.meld. nr.30).

1.4 Lokal satsing

Den kulturelle skulesekken i Ål omfattar alle elevane i grunnskulen i Ål kommune, frå 1.-10. klasse. Den kulturelle skulesekken er ei obligatorisk ordning for alle skulane kommunen. Kulturlivet skal vere for alle (overordna mål i Kulturplan 2010-2015, Ål kommune).

Den kulturelle skulesekken i Ål kommune skal gje alle elevane:

- God kunnskap om lokal kultur og lokale kulturtradisjonar.
- Lokalhistorisk innsikt.
- Opplevingar, kunnskap og refleksjon knytt til uttryksformene film, teater, dans, musikk, litteratur, biletkunst, skulptur og arkitektur.
- Utforske og utøve kulturelle aktivitetar av ulike slag.
- Elevane skal delta aktivt og få høve til å vise talent i minst eitt prosjekt innan det utvida kulturombegrepet kvart år (Betre læring 2015).

1.5 Barnehage

Det er eit mål at Ål kommune skal ha eit heilskapleg kulturtilbod gjennom DKS, som fylgjer borna frå barnehagealder og fram til dei går ut av ungdomsskulen. Arbeidet med kultursatsinga retta meir direkte mot barnehagane heldt fram.

Formålet med Den kulturelle skulesekken er å utvikle ei heilskapleg og medveten innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sitt læringsmål. Dette kan gjerast ved å trekke inn kunstnarar og kulturarbeidarar, og å bruke kompetansen og ressursane som kunst- og kulturinstitusjonane sit på. Den kulturelle skulesekken skal stimulere og utløyse prosjekt i den kulturelle bæremeisen og den kulturelle spaserstokken.

1.6 Ambisjonar

Barnet skal ha rett til ytringsfridom, anten det skjer muntleg, i skrift eller på trykk, i kunstnarisk form eller noko anna medium etter barnets val.

(Artikkel 13 i FN's barnekonvensjon.)

- Alle born i Ål kommune skal gjennom den 10- årige grunnskulen ha tileigna seg innsikt, kompetanse og skaparglede innafor ulike kunst- og kulturuttrykk.
- Kjennskap og kunnskap om eigen lokal kultur.
- Kjennskap, kunnskap og forståing av norsk kultur.
- Kjennskap, kunnskap og forståing av kulturar i andre land.
- Kulturaktivitetar og kulturformidling skal stå sentralt.

-
- I opplæringa skal ein leggje stor vekt på kreative uttrykksformer, opplevingar og refleksjon.
 - Opplæringa må gje elevane høve til å utfalde eigne skapande evner.

Gjennom ei felles kulturell plattform skapar me ein kultur som er identitetsskapande, og gir elevane både røter og venger.

1.7 Styringsgruppe

Ål kommune har nedsett ei styringsgruppe som har ansvar for Den kulturelle skulesekken:

- Ein representant frå oppvekstsektoren
- Ein representant frå kulturkontoret
- Ein representant frå dei tre grendeskulane
- Ein representant frå dei to store sentrumsskulane
- Rektor i Ål kulturskule og prosjektleiar for DKS

1.8 Kulturkontaktar

Kulturkontaktane er ein sentral del av Den kulturelle skulesekken i Ål kommune. Alle skular skal ha ein kulturkontakt. Kulturkontakten bør vere rektor eller ein annan person i leiinga ved skulen. Oppgåva til kulturkontakten er å leggje til rette på eigen skule dei tilboda som kjem i Den kulturelle skulesekken.

Retningsliner for kulturkontakten:

- Ansvar for å leggje til rette for kulturell formidling og å setje denne i samanheng med heile verksemda i skulen.
- Ansvar for samordning av kulturtilboda ved den einskilde skulen.
- Ansvar for å informere om dei kulturtilboda som skulen legg til rette for.
- Vere med å innarbeide kulturtilbod i årsplanane.

2. Fylkeskommunalt tilbod

- **Scenekunst:** Brageteateret/ frie profesjonelle grupper
- **Musikk:** Skulekonsertordninga
- **Visuell kunst:** Pilotgalleriet
- **Litteratur:** Fylkesbiblioteket og andre ordningar
- **Film:** Bestillingstilbod

- Ål kommune er med i abonnementsordninga som Buskerud Fylkeskommune gjev tilbod om. Alle skulane i kommunen er med.
- Ål kommune legg til rette den lokale delen av Den kulturelle skulesekken.
- Kombinasjonen av fylkeskommunal satsing og kommunale ressursar vil gje elevane i grunnskulen eit heilskapleg og godt tilbod innafor dei praktisk-estetiske faga.

3. Lokale moglegheiter

Ål kulturskule skal vere eit kulturpedagogisk ressurscenter for DKS.

Ål kommune legg vekt på å gje born og ungdom eit variert tilbod som omfattar følgjande hovudtema:

| Hovudtema | Lokalhistoriske tema/ lokalkunnskap |
|------------------|---|
| Biletkunst | Rolf Nesch- museet, Syningen m.fl. Leveld Kunstnartun. |
| Musikk | Skulekonsertar/ konsertar i kulturhuset/ konsertar på kvar skule med lokale utøvarar. |
| Skulptur | Rolf Nesch-museet. |
| Teater | Eigne teaterproduksjonar, Leveld Teaterlag, Buskerud Teaterverkstad. |
| Dans | Lokale dansetradisjonar og nyare danseuttrykk. |
| Form og design | Trond Andersson, Kreator, Kreativ næringshage (Ål kulturhus). |
| Litteratur | Lokale forfattarar, Leveld Kunstnartun, Ål bibliotek. |
| Arkitektur | Ål kyrkje, Gamlevegen, Bygdemuseet. |
| Tradisjonsmusikk | Lokale spelemenn (folkemusikarar). |
| Film/ media | Ål kino, Kreator, John Storhaug, Hallgrim Ødegård, Hallingdølen, Radio Hallingdal. |
| Lokal historie | Ål bygdearkiv, Ål bygdamuseum, Hallingdal museum. |

Utvalet av tema er gjort med bakgrunn i ei målsetjing om å gje eit heilskapeleg tilbod som tek elevane med inn i ulike kunstsjangrar. Det er også gjort eit utval av lokale aktivitetar og ressursar som t.d. museum, bygdearkiv, utstillingar og kulturhuset m.m.

4. Kompetanseutvikling

Den kulturelle skulesekken legg til grunn at lokale og profesjonelle krefter innan kunst og kulturformidling skal nyttast. Skolering av tilsette i sektoren blir difor ikkje prioritert. Samstundes veit me at skulane i Ål har ein god del personar med høg kompetanse innafor området, og desse bør nyttast og vidareutviklast.

5. Økonomi

5.1 Spelemidler

Årleg får Buskerud Fylkeskommune tildelt Spelemidler øyremerkte til Den kulturelle skulesekken. Disse blir fordelt vidare etter ein fordelingsnøkkel der 1/3 går til dei regionale abonnementsordningane, 1/3 går til kommunane (fordelt prosentvis etter innbyggartal), og den siste 1/3 blir delt 50/50 mellom BFK og kommunane. For Ål kommune utgjør dette ca 100 000 kroner årleg som skal gå til Den kulturelle skulesekken lokalt. Det er opp til kvar enkelt kommune å fordele desse midlane. Ål kommune har delegert dette ansvaret til den lokale styringsgruppa for Den kulturelle skulesekken.

Programutvalet blir bestemt av Buskerud Fylkeskommune, og tilboda blir planlagd for eitt år om gongen. Kvar skule har lagt inn kostnadane med abonnementsordninga i dei ordinære budsjetta.

5.2 Fylkeskommunal abonnementsordning

Årleg kostnad, fullt abonnement pr. elev (pr.2015):

| | |
|-----------------------------------|--|
| Kunstsenteret i Buskerud: | kr. 7,- pr. elev |
| Brageteateret abo. 1.-4.: | kr. 25,- pr. elev |
| Brageteateret abo. 5.-7.: | kr. 25,- pr. elev |
| Buskerud fylkesk.abo. litt. 3.: | kr. 6,- pr.elev |
| Buskerud fylkesk.abo. litt. 6.: | kr. 6,- pr. elev |
| Rikskonsertane | kr. 18,- pr. elev |
| Bestillingstilbod (film og litt.) | Variabel kostnad frå tilbod til tilbod |

Sum: kr. 55 kr. (ca. kr.70) pr. elev pr år

* pr. i dag lokalt ansvar

660 elevar x 70 kr **kr. 46 200,- / år**

5.3 Lokale tiltak

Ål kommune har i tillegg sett av ein budsjettpost til lokale DKS-tiltak. Summen har dei siste åra vore 50 000 kr. Desse midlane søker skulane på til ulike lokale prosjekt og produksjonar.

Lokale produksjonar kr. 50.000,-

Lokale DKS- midlar kr. 50.000,- /år

Total utgift for Ål kommune pr. år: kr. 96.200,- / år

I tillegg kjem 10 % av rektor i Ål kulturskule si stilling.

5.4 Lokale utgifter

- Reiseutgifter
- Andre billettutgifter (kinobesøk og andre teateroppsetjingar utanom Brageteateret)
- Utgifter til kjøp av tenester frå lokale kunstnarar

6. Evaluering

- Faste evalueringsmøte mellom prosjektleiinga og kulturkontaktane
- Evaluering av kvar produksjon BFK sender ut blir sendt direkte til produsent.
- Kulturskulerektor rapporterer årleg om DKS lokalt til BFK.
- Kulturskulerektor har ansvar for aktivitetsplan, som sikrar midlar frå BFK.
- Overføringar av lokale midlar frå skulene/kunstnarar skjer etter levert rapport
- Lokale midlar vert overført til skulene/kunstnarane etter levert rapport til DKS-ansvarleg, kulturskulerektor.

Førre lokale evaluering av Den kulturelle skulesekken (2011) vitna om ei solid forankring av tilbodet i kommunen og på skulane.



